



Elektrisitetsstatistikk 1997

Electricity Statistics 1997

Noregs offisielle statistikk

I denne serien vert det hovudsakleg publisert primærstatistikk, data frå statistiske rekneskapssystem og resultat frå spesielle teljingar og undersøkingar. Serien har først og fremst referanse- og dokumentasjonsføremål. Presentasjonen skjer vesentleg i form av tabellar, figurar og naudsynt informasjon om datamaterialet, innsamlings- og arbeidsmetodar, samt omgrep og definisjonar. I tillegg gis det ei kort oversikt over hovudresultata.

Serien omfattar òg publikasjonane Statistisk årbok, Historisk statistikk, Regionalstatistikk og Vegvisar i norsk statistikk.

Official Statistics of Norway

This series consists mainly of primary statistics, statistics from statistical accounting systems and results of special censuses and surveys, for reference and documentation purposes. Presentation is basically in the form of tables, figures and necessary information about data, collection and processing methods, and concepts and definitions. In addition, a short overview of the main results is given.

The series also includes the publications Statistical Yearbook of Norway, Historical Statistics, Regional Statistics and Guide to Norwegian Statistics.

© Statistisk sentralbyrå, juli 2000

Ved bruk av materiale frå denne publikasjonen, vær vennleg å oppgi Statistisk sentralbyrå som kjelde.

ISBN 82-537-4819-1
ISSN 0333-3779

Emnegruppe

10.08.10 Elektrisitets-, gass-, damp- og varmtvannsforsyning

Design: Enzo Finger Design
Trykk: Kopsisenteret, SSB

Standardteikn i tabellar	Symbols in tables	Symbol
Tal er umogleg	Category not applicable	.
Oppgåve manglar	Data not available	..
Oppgåve manglar førebels	Data not yet available	...
Tal kan ikkje offentleggjerast	Not for publication	:
Null	Nil	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	Less than 0.5 of unit employed	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	Less than 0.05 of unit employed	0,0
Førebels tal	Provisional or preliminary figure	*
Brot i den loddrette serien	Break in the homogeneity of a vertical series	—
Brot i den vassrette serien	Break in the homogeneity of a horizontal series	
Retta sidan førre utgåve	Revised since the previous issue	r
Desimalskiljeteikn	Decimal punctuation mark	,(,)

Forord

NOS Elektrisitetsstatistikk 1997 inneheld oppgåver over talet på elektrisitetsverk, utbygd vasskraft, vassmagasindata, maskininstallasjon, overførings- og fordelingsanlegg, produksjon og forbruk av elektrisk kraft, prisar på kraft, sysselsetjing, økonomiske hovudtal og investeringar.

Hovudtal for 1997 er publiserte i Ukens statistikk nr. 23, 1999. Hovudtala er òg lagt inn på Statistisk sentralbyrå sine vevsider på Internett (<http://www.ssb.no/10/08/10>). Dessutan er det mogeleg å få ei rekkje andre, eller meir detaljerte tabellar ved direkte kontakt til Statistisk sentralbyrå (jf. kapitlet om Meir informasjon).

Førstekonsulent Pål Marius Bergh og konsulent Randi Gjersvoll har stått for arbeidet med publikasjonen. Ansvarleg seksjonsleiar er Bjørn Bleskestad, Seksjon for utanrikshandel, energi og industristatistikk.

Statistisk sentralbyrå,
Oslo/Kongsvinger, 13. april 2000

Svein Longva

Olav Ljones

Preface

NOS Electricity Statistics 1997 contains statistics on the number of enterprises in electricity supply, water reservoirs, capacity of installed machinery, grid systems and transformer stations, production and consumption of electric energy, prices on electricity, staff-years, value added, fixed capital formation and economic figures.

Preliminary figures for 1997 have been published in the Weekly Bulletin of Statistics no. 23, 1999. In addition it is possible to get some others, and more detailed tables if Statistics Norway is contacted (see the chapter: More information).

The publication is prepared by Mr. Pål Marius Bergh and Ms. Randi Gjersvoll. Responsible for this publication is Head of Division Bjørn Bleskestad, Division for External Trade, Energy and Industrial Production Statistics.

Statistics Norway,
Oslo/Kongsvinger, 13 April 2000

Svein Longva

Olav Ljones

Innhald

Figurregister	7
Tabellregister	8
Tekstdel	11
Omfanget av statistikken.....	11
Metode for produksjon av statistikken.....	11
Definisjonar og kjennemerke.....	12
Nokre hovudresultat	15
Meir informasjon	16
Tekst på engelsk	17
Tabelldel	25
Vedlegg	
A. Definisjonar av nøkkeltal	61
B. Skjema i stikkordsform	63
Tidlegare utgitt på emneområdet	66
Dei sist utgitte publikasjonane i serien Noregs offisielle statistikk	67

Einingar

kW	Kilowatt	= 1 000 W
MW	Megawatt	= 1 000 kW
kVA	Kilovoltampère	= 1 000 VA
MVA	Megavoltampère	= 1 000 kVA
kWh	Kilowatt-time	= 1 000 Wh
MWh	Megawatt-time	= 1 000 kWh
GWh	Gigawatt-time	= 1 000 MWh
TWh	Terawatt-time	= 1 000 GWh

Contents

List of figures	9
List of tables	10
Text	17
Coverage	17
Definitions and classification	17
Some main results	20
More information	21
Tables	25
Appendix	
A. Definitions of key figures	62
Previously issued on the subject	66
Recent publications in the series Official Statistics of Norway	67

Units

kW	Kilowatt	= 1 000 W
MW	Megawatt	= 1 000 kW
kVA	Kilovoltampère	= 1 000 VA
MVA	Megavoltampère	= 1 000 kVA
kWh	Kilowatt-hour	= 1 000 Wh
MWh	Megawatt-hour	= 1 000 kWh
GWh	Gigawatt-hour	= 1 000 MWh
TWh	Terawatt-hour	= 1 000 GWh

Figurregister

1. Vassmagasininnhald. 1997-2000. Prosent av total magasinkapasitet	22
2. Fordeling av kraftprisar til hushald, vegd med forbruket. 1997	22
3. Elspotprisen, pr. veke. 1997-2000.....	23
4. Sysselsette i kraftsektoren, etter verksemdområde. 1997	23

Tabellregister

Hovudtal

1. Hovudtal. 1988-1997.....	25
-----------------------------	----

Utbygd vasskraft og vassmagasininnhald

2. Nyttbar, utbygd og ikkje utbygd vasskraft, etter fylke. 1997 og 1998. GWh.....	28
3. Vassmagasininnhald. 1994-2000. Prosent av total magasinkapasitet.	29

Produksjonsanlegg og utstyr

4. Maskininstallasjon, etter art. 1950, 1955 og 1960-1997	30
5. Maskininstallasjon, etter art, fylke og eigargruppe. 1997.....	31
6. Kraftstasjonar, etter storleik (maksimal stasjonsyting). 1974-1997	32
7. Vasskraftstasjonar, etter storleik (maksimal stasjonsyting), fylke og eigargruppe. 1997	33

Overførings- og fordelingsystem

8. Liner ved slutten av året, etter type line. 1974-1997. km.....	33
9. Liner ved slutten av året, etter type line og systemspenning. 1997. km.....	34
10. Liner ved slutten av året, etter type line, fylke og eigargruppe. 1997. km	34
11. Transformatorar ved slutten av året, etter fylke og eigargruppe. 1997.....	35

Tilgang og bruk av elektrisitet

12. Produksjon, import, eksport og forbruk av elektrisk kraft. 1950, 1955 og 1960-1997. GWh	36
13. Produksjon av elektrisk kraft, etter art, fylke og eigargruppe. 1995-1997. GWh	37
14. Elektrisitetsbalanse, etter år og kvartal. 1994-1999. GWh	38
15. Nettoforbruk av elektrisk kraft, etter forbrukargruppe. 1960 og 1965-1997. GWh.....	39
16. Nettoforbruk av fastkraft i bergverk og industri, etter forbrukargruppe. 1960 og 1965-1997. GWh.....	40
17. Nettoforbruk av elektrisk kraft, etter type og forbrukargruppe. 1995-1997. GWh.....	41
18. Nettoforbruk av elektrisk kraft i alt, prioritert og uprioritert, etter forbrukargruppe og fylke. 1995-1997. GWh	42
19. Nettoforbruk i alt av elektrisk kraft i hushald pr. innbyggjar, etter fylke. 1992-1997. kWh.....	42

Kraftprisar

20. Vegde gjennomsnittprisar for kraft og nettleige, eksklusive mva. 1994-1997. Øre/kWh.....	43
21. Kraftprisar og nettleige, utanom kraftintensiv industri, etter forbrukargruppe. 1996 og 1997. Øre/kWh.....	44
22. Fordeling av kraftprisar til hushald, etter prosentilar og standardavvik. 1993-1997. Øre/kWh	45
23. Prisar på kraft levert til hushald, etter fylke. 1997. Øre/kWh	45
24. Prisar på kraft i engrosmarknaden og konsesjonskraft. 1993-1997. Øre/kWh	46
25. Gjennomsnittprisar for import og eksport av elektrisk kraft. Sverige og Danmark. 1973-1998. Øre/kWh	46
26. Kraftprisar og omsett mengd i elspotmarknaden. Pr. veke. 1995-2000.....	47
27. Kraftprisar i sluttbrukarmarknaden eksklusive avgifter. Kvartal. Øre/kWh.....	48
28. Kraftprisar for hushald inklusive avgifter. Kvartal. Øre/kWh	49
29. Kraftprisar i engrosmarknaden. Kvartal. Øre/kWh.....	49

Økonomiske hovudtal mv.

30. Talet på e-verk, sysselsette, utførte årsverk, etter verksemdområde og type verk. 1996 og 1997	50
31. Driftsrekneskap for verksemdområda for alle einingar i kraftsektoren. 1996 og 1997. Mill. kr	51
32. Økonomiske hovudtal for alle einingar i kraftsektoren. 1996 og 1997. Mill. kr	52
33. Resultatrekneskap for føretak i kraftsektoren, etter type verk. 1996-1998. Mill. kr	53
34. Rekneskapsbalanse for føretak i kraftsektoren, etter type verk. 1996-1998. Mill. kr.....	54
35. Nøkkeltal for føretak i kraftsektoren, etter type verk. 1995-1997	55
36. Resultatrekneskap for føretak i kraftsektoren, etter eigargruppe. 1996-1998. Mill. kr.....	56
37. Rekneskapsbalanse og nøkkeltal for føretak i kraftsektoren, etter eigargruppe. 1996-1998. Mill. kr	57
38. Nøkkeltal for føretak i kraftsektoren, etter eigargruppe. 1995-1997.....	58
39. Innkjøp og sal av varige driftsmiddel, etter art. 1997. Mill. kr.....	59
40. Innkjøp av varige driftsmiddel, etter type anlegg, fylke og eigargruppe. 1997. Mill. kr	60

List of figures

1. Water in reservoirs. 1997-2000. Per cent and total reservoir capacity.....	22
2. Distribution of prices of electric energy for households, weighted with the consumption. 1997.....	22
3. Spot price, weekly. 1997-2000.....	23
4. Persons engaged in the electricity supply sector, by type of activity. 1997.....	23

List of tables

Main figures

1. Main figures. 1988-1997	25
----------------------------------	----

Hydro power potential

2. Potential, operational and not operational hydro power, by county. 1997 and 1998. GWh	28
3. Water in reservoirs. 1994-2000. Per cent and total reservoir capacity.	29

Production plants and equipment

4. Capacity of installed machinery, by type. 1950, 1955 and 1960-1997	30
5. Capacity of installed machinery, by type, county and ownership group. 1997	31
6. Power stations, by size (maximum output). 1974-1997	32
7. Hydro-electric power stations, by size (maximum output), county and ownership group. 1997	33

Transmission and distribution systems

8. Lines at the end of the year, by type of line. 1974-1997. km	33
9. Lines at the end of the year, by type of line and voltage. 1997. km	34
10. Lines at the end of the year, by type of line, county and ownership group. 1997. km	34
11. Transformers at the end of the year, by county and ownership group. 1997	35

Supply and use of electric energy

12. Production, imports, exports and consumption of electric energy. 1950, 1955 and 1960-1997. GWh	36
13. Production of electric energy, by type, county and ownership group. 1995-1997. GWh	37
14. Electricity balance, by year and quarter. 1994-1999. GWh	38
15. Net consumption of electric energy, by consumer group. 1960 and 1965-1997. GWh	39
16. Net consumption of firm power in mining, quarrying and manufacturing industries, by consumer group. 1960 and 1965-1997. GWh	40
17. Net consumption of electric energy, by type and consumer group. 1995-1997. GWh	41
18. Net consumption of total electric energy, priority and non-priority, by consumer group and county. 1995-1997. GWh	42
19. Net consumption of total electric energy in households per capita, by county. 1992-1997. kWh	42

Prices of electricity

20. Weighted average prices for electricity and grid rent, exclusive of VAT. 1994-1997. Øre/kWh	43
21. Prices of electric energy, apart from power intensive industries, by consumer group. 1996 and 1997. Øre/kWh	44
22. Distribution of prices of electric energy for households, by quantiles and standard deviation. 1993-1997. Øre/kWh	45
23. Prices of electric energy delivered to household, by county. 1997. Øre/kWh	45
24. Prices of electric energy traded in the wholesale market and concession power. 1993-1997. Øre/kWh	46
25. Average prices of imports and exports of electric energy. Sweden and Denmark. 1973-1998. Øre/kWh	46
26. Prices and traded volume in the spot market for electricity. Weekly. 1995-2000	47
27. Prices on electric energy exclusive of taxes. Quarter. Øre/kWh	48
28. Prices of electric energy for households inclusive of taxes. Quarter. Øre/kWh	49
29. Prices of electric energy traded in the wholesale market. Quarter. Øre/kWh	49

Economic main figures

30. Number of electricity plants, persons employed and staff-years, by type of utility and activity. 1996 and 1997	50
31. Internal accounts, by type of activity for all units in electricity supply. 1996 and 1997. Million kroner	51
32. Economic main figures for all units in electricity supply. 1996 and 1997. Million kroner	52
33. Income statement for enterprises in electricity supply, by type of utility. 1996-1998. Million kroner	53
34. Balance sheet for enterprises in electricity supply, by type of utility. 1996-1998. Million kroner	54
35. Key figures for enterprises in electricity supply, by type of utility. 1995-1997	55
36. Income statement for enterprises in electricity supply, by ownership group. 1996-1998. Million kroner	56
37. Balance sheet for enterprises in electricity supply, by ownership group. 1996-1998. Million kroner	57
38. Key figures for enterprises in electricity supply, by ownership group. 1995-1997	58
39. Acquisition and sale of fixed assets, by type of capital. 1997. Million kroner	59
40. Acquisition of fixed assets, by type of utility, county and ownership group. 1997. Million kroner	60

Omfanget av statistikken

Elektrisitetsstatistikken omfattar:

- alle reine fordelingsverk
- kraftproduserande verk baserte på sal av elektrisk kraft og som har ein maskineffekt på minst 100 kW
- E-verk som føretak i andre næringer driv for forsyning av egne bedrifter når maskineffekten er minst 500 kW
- nettselskap
- føretak som kjøper og sel kraft utan å ha eige nett ("tradere")

Kraftstasjonar som norske interesser delvis eig, og som ligg utanfor landegrensene, er ikkje tekne med i statistikken. Elektrisitetsproduksjonen på kontinentalsokelen er heller ikkje med.

Oppgåvene blir samla inn med heimel i lov av 16. juni 1989 nr. 54 om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå (statistikklova), ggl. res. av 16. juni 1989 og forskrift fastsett av Finansdepartementet.

Kort historikk

Statistisk sentralbyrå (SSB) har frå og med 1937 henta inn årlege oppgåver frå e-verka over maskininstallasjon, produksjon, leveransar av elektrisk kraft, sysselsetjing, lønskostnader mv. Frå og med 1946 er det òg henta inn årlege oppgåver over investering.

Frå og med 1973 vart statistikken utvida med følgjande nye kjennemerke: Maksimal stasjonsyting, overførings- og fordelingsanlegg etter art og spenning, fordelingstransformatorar, pumpekraftstasjonar og fordeling av varmekraftstasjonar etter art. Dessutan er forbruk av elektrisk kraft og investeringar fordelte etter fylke. Frå og med 1993 vart statistikken lagt vesentleg om. Fullstendige rekneskapsoppgåver med omfattande tilleggsspesifikasjonar vert no henta inn frå alle e-verka i eit samarbeid mellom Statistisk sentralbyrå og Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Endringar

Pga. omlegging av statistikken i 1993 med tilpassing til energilova er ein del kjennemerke nye eller endra og kan ikkje direkte samanliknast mot tidlegare år. Dette er dei viktigaste endringane:

- Føretaket (den minste juridiske eininga) er rapporteringseining. Tidlegare var bedrift rapporteringseining. Bedrift var definert som alle avdelingar i føretaket innanfor same elområde. Endringa gjeld difor berre e-verk med verksemd i fleire elområde. I statistikken er det berre talet på e-verk som vert påverka av denne endringa.
- Rapportane frå e-verka er baserte på fullstendige rekneskapsoppgåver for føretaket. Rekneskapsoppgåvene er fordelte på dei ulike verksemdsområda (omsetning, produksjon, nett). Dei ulike verksemdsområda er i samsvar med innhaldet i energi-

lova. Rapportane gir difor grunnlag for publisering av resultat- og balanserekneskap for heile kraftsektoren.

- Inndeling etter dei 4 elområda (søraustre, sørvestre, midtre og nordre) er teke ut av statistikken frå og med 1993, då inndelinga ikkje lenger er så interessant med dei nye marknadstilhøva.
- Forbrukarinndelinga er i samsvar med ny norsk næringsstandard (SN94), NOS Standard for næringsgruppering, som er basert på EU-standard NACE Rev.1. Denne er igjen basert på FN-standard ISIC Rev.3. I den nye inndelinga vert det ikkje lenger skilt mellom offentleg og privat tenesteyting. Det er likevel gjort visse overslag og lagt fram tal som kan samanliknast mot tidlegare inndeling.
- Etter omlegginga vert det skilt mellom prioritert og uprioritert kraft for levering til sluttbrukarar, medan det tidlegare vart nytta omgrepa fastkraft og tilfeldig kraft. For samanlikning mot åra før 1993 er prioritert kraft gruppert som fastkraft og uprioritert kraft som tilfeldig kraft.
- Samla pris til sluttbrukarar er no splitta opp i pris på kraft og pris på leige av kapasitet i fordelingsnettet for kraft (nettlege). Etter omlegginga vert det publisert særskilde prisar på kraft og nettlege for ulike brukargrupper.

Definisjonen av bruttoproduksjonsverdi og vareinnsats er endra frå og med 1994. (Bruttoproduksjonsverdi og vareinnsats er definerte på side 14.)

Metode for produksjon av statistikken

Elektrisitetsstatistikken er ein årleg statistikk og i praksis ei totalteljing av alle e-verka. Rett etter utløpet av statistikkåret vert det sendt ut programdiskettar, rettleiing og papirutskrift av skjema. Frist for innsending er 1. juli same året. Mange e-verk får utsett frist, og svarprosenten etter to purringar er nær 100.

Revisjon av elektrisitetsstatistikken

Alle opplysningane vert registrerte i eit elektronisk skjema av e-verka og returnerte på diskett. Det ligg mange kontrollar i dataprogrammet som e-verka nyttar, men trass i det er dei mottekne oppgåvene ofte ufullstendige og inneheld feil. SSB bruker difor mykje tid på revisjon av oppgåvene. Etter at opplysningane frå alle e-verka er mottekne og reviderte, vert det kjørt ut kontrolltabellar. Desse tabellane vert brukte til å kontrollera det samla materialet som skal publisera.

Generelt om revisjonen:

- Rapporteringa (skjema) til SSB og NVE er inndelt i: rekneskapsresultat, rekneskapsbalanse, notar og vedlegg.

Kvar del kontrollerast enkeltvis og i samanheng. Tala kontrollerast mot opplysningane frå tidlegare år. Utgåande balanse frå førre året skal til dømes vere lik inngåande balanse for statistikkåret. Dessutan kontrollerast generell informasjon om føretaket for å fange opp endringar i namn, eigarform, mv.

Vi får som regel revisorerklæring vedlagt skjemaet slik at rekneskapstala stort sett er riktige m.o.t. *sum selskap* og totaltal. Med *sum selskap* meiner ein finansrekneskapen til den juridiske eininga. Finansrekneskapen sjekkast mot årsmeldinga til e-verket og korrigerast om nødvendig.

Skilnaden frå alminneleg næringsoppgåve er oppdelinga i verksemdsområde. Dette er ikkje påkrevd av likningsetaten. Hovudproblemet under revisjonen med oppdelinga i verksemdsområde er dei interne leveransane/transaksjonane (bl.a. interne leveransar av kraft mellom produksjon og omsetning og fordeling av felleskostnader).

Inntekter/kostnader for dei einskilde resultateiningane spesifiserast i notar og syner samanhengen mellom kroneverdi og selt/kjøpt kraftmengd (MWh). Det kontrollerast at samanhengen (pris pr. MWh) er logisk. Einsarta føringsmåte er viktig m.o.t. samanhengen med oppgåvene frå året før.

Andre vesentlege problemområde under - revisjonen er:

Kraftbalansen: I kraftbalansen inngår den fysiske kraftflyten e-verket hadde gjennom statistikkåret. Tilgang på elektrisk kraft (produksjon og kjøp) skal vere lik avgang av kraft (sal og eige forbruk medrekna tap). Eit problem er at det er avvik mellom avtalt kraftmengd i ein kontrakt og det som verkeleg er teke ut. Kraftbalansen for det einskilde verket er viktig for å få samsvar i kraftbalansen for heile Noreg.

Forbrukarinndelinga: Denne viser kvar den elektriske krafta er nytta. Det er ofte manglande samanheng i det materialet som rapporterast. E-verka har ofte ikkje sjølve eksakt kjennskap til kva for forbrukargruppe mottakar høyrer heime i. Det er òg her eit problem at det er avvik mellom avtalt kraftmengd i ein kontrakt og det som verkeleg er teke ut.

Definisjonar og kjennemerke

Type e-verk

E-verka er delte inn etter aktivitet:

Industriverk: Kraftverk som er del av industriføretak. Desse leverer hovudsakleg kraft til produksjonseiningar i same føretaket. Industriverk er ikkje med i rekneskapstala i tabellane 33-38. I tabellane 31 og 32 (drifts-

rekneskap og økonomiske hovudtal) er industriverka tekne med.

Produksjonsverk: Kraftverk med eigen produksjon som ikkje leverer kraft direkte til sluttbrukarar.

Engrosverk: E-verk som hovudsakleg kjøper og sel kraft til andre e-verk. Desse kan ha noko eigenproduksjon og levere noko kraft til sluttbrukarar via regionalnett.

Distribusjonsverk: E-verk som kjøper kraft frå andre verk og leverer kraft direkte til sluttbrukarar via eige distribusjonsnett.

Integrerte verk: E-verk med eigen produksjon som leverer kraft direkte til sluttbrukarar via eige regionalnett eller distribusjonsnett. Integrerte verk vert delte inn i lågintegrerte verk og høgintegrerte verk. Lågintegrerte verk har mindre enn 20 prosent eigenproduksjon (av kraftsal til sluttbrukar) og høgintegrerte verk har meir enn 20 prosent eigenproduksjon.

Nettselskap: Omfattar reine nettselskap som ikkje omset, men berre distribuerer kraft.

Andre verk: Omfattar føretak som kjøper og sel kraft utan å eige nett.

Som før er det òg gitt ei todeling av e-verka etter kraftproduserande og ikkje-kraftproduserande verk.

Eigargruppe

E-verka er delte inn i ulike grupper etter om det er staten, kommunar eller private som eig dei. Dei kommunale e-verka er igjen delte inn i fylkeskommunale, felleskommunale og kommunale verk.

Statens verk. Denne gruppa omfattar, forutan sjølve statskraftverka, alle e-verk der staten eller ei bedrift som staten eig, har skote inn minst 50 prosent av aksje- eller partskapitalen.

Fylkeskommunale verk omfattar e-verk som ein fylkeskommune eig åleine.

Felleskommunale verk. E-verk som minst to kommunar eig er rekna som felleskommunale. Denne gruppa omfattar dessutan alle verk som staten, fylke, kommunar eller private i fellesskap eig dersom ikkje staten har minst 50 prosent eller dei private har ein eigardel på over 50 prosent. I det første tilfellet vert staten rekna som eigar av verket og i det andre tilfellet private.

Kommunale verk. Forutan e-verk som ein kommune eig åleine omfattar denne gruppa dei e-verka der ein kommune har minst 50 prosent av eigardelane og staten eller private har resten. Dersom andre kommunar eig resten, blir verket klassifisert som felleskommunalt.

Private verk. Alle e-verk der private eig over 50 prosent av kapitalen, er plasserte i denne gruppa. Her kjem òg dei e-verka som etter konsesjonsvilkåra har falle attende til staten, men som framleis vert drivne av private firma på leigevilkår.

I dei tilfella der fleire av gruppene som er nemnde ovanfor eig eit e-verk saman, har ein altså lagt til grunn ein såkalla 50-prosentregel, dvs. data for eit e-verk kjem inn i statistikken 100 prosent anten i den eine eller i den andre eigargruppa.

Verksemdsområde

E-verkets verksemd er delt inn i følgjande (resultat) område:

Kraftomsetning: Omfattar kjøp og sal av kraft.

Kraftproduksjon: Omfattar kraftproduksjon i egne anlegg og partar hos andre produsentar/deleigde anlegg. Kan òg omfatte engrossal av elektrisitet.

Sentralnett: Omfattar e-verkets utleige til sentralnett og drift av sentralnett i eigen regi.

Regionalnett: Omfattar drift av eige regionalnett.

Distribusjonsnett: Omfattar drift av eige distribusjonsnett, nett frå og med 22/11 kV høgspenningsnett og fram til kunde, men ikkje medrekna straummålar hos den einskilde abonnent.

Anna verksemd: Omfattar fjernvarme, arbeid for andre (entreprenørtenester), veglys, installasjon, kabel-tv, konkurranseutsett ENØK, utleige, sal av konsulenttenester eller anna næringsverksemd.

Fellesverksemd: Omfattar verksemd ikkje direkte knytt til dei andre aktivitetane. Felleskostnader skal i rekneskapa fordelast ut på dei andre resultatområda.

Forbrukarinndeling

Definisjon av treforedling og kraftintensiv industri - (næringskode i parentes). Forbruksinndelinga er i samsvar med Standard for næringsgruppering (SN94).

Treforedling (21.1 og delar av 20.20)

- Omfattar tresliperi, cellulosefabrikkar, papir og pappfabrikkar og trefiberplatefabrikkar. Papirvare- og pappvarefabrikkar, trevarefabrikkar og sponplatefabrikkar er grupperte under Annan industri.

Kraftintensiv industri

- Kjemiske råvarer (24.1) omfattar karbid og cyanamidfabrikkar, produsentar av andre kjemiske grunnstoff, kunstgjødsel-fabrikkar og basisplast og kunstfiberfabrikkar. Produksjon av silisium.
- Jern og stål (27.1) omfattar jern- og stålverk, medrekna alle prosessar frå reduksjon i smelteomn

til valsing og trekking av halvfabrikata. Stålstøyperi er gruppert under Annan industri.

- Ferrolegeringar (27.3) omfattar produksjon av ferrosilisium, ferromangan, ferrokrom og andre ferrolegeringar.
- Primæraluminium (27.421) omfattar produksjon av ubearbeidd aluminium, ulegert og legert.
- Andre metall (27.43-45) omfattar produksjon av andre ikkje-jernhaldige metall og metallegeringar av malm og metallskrap. Støyperi og valseverk vert grupperte under Annan industri.

Produksjonsanlegg, overførings- og fordelingsystem

Kraftmaskinar omfattar vassturbinar, damppturbinar (eventuelt mottrykksturbinar), stempelmaskinar, bensin-, diesel-, råolje- og gassmotorar. Effektoppgåvene refererer seg til nominell påstempla yting på maskinar installerte pr. 31. desember i oppgaveåret.

Generatorar. Effektoppgåvene for generatorane refererer seg på same måten til påstempla yting ved utgangen av året.

Aggregat omfattar kraftmaskin (turbine) og generator. Eit aggregat kan vere sett saman av ein eller fleire turbinar og/eller generatorar.

Maksimal stasjonsyting gir uttrykk for summen av dei maksimale dei einskilde stasjonane kan yte over ein time. Maksimal stasjonsyting kan vere avgrensa av turbinar, generatorar eller vassvegar. Vidare er det lagt til grunn kva aggregata i stasjonen samstundes kan yte.

Kraftstasjonar er delte i ordinære vasskrafts-, pumpekraft-, varmekrafts- og vindkraftstasjonar.

Overførings- og fordelingsanlegg

- Med overføringsanlegg (sentralnett) meiner ein alle leidningar og kablar som fører krafta frå kraftstasjon fram til uttaksstasjon i overføringsnettet, dersom spenninga er minst 132 kV. Transformator og koplingsstasjonar i direkte tilknytning til overføringslinene høyrer også med. Statnett sine liner til utlandet blir òg grupperte som overføringsanlegg.
- Fordelingsanlegg (regional- og distribusjonsnett) er alle faste anlegg og liner som tener til transformering og fordeling av krafta frå overføringsanlegget til forbrukarane sine installasjonar. Liner som blir nytta både til overføring og fordeling, blir rekna som fordelingsliner. Til detaljfordelingsanlegg (distribusjonsnett) høyrer komponentar for spenningar opp til og med 22 kV.

Fordelingstransformatorar nedtransformerer til forbruksspenning. Det er berre transformatorar som e-verka eig som er med; industribedriftene sine egne transformatorar er berre med når desse har egne kraft-

stasjonar. Fordelingstransformatorar i kraftstasjonar er òg med i tala.

Tilgang og bruk av elektrisk kraft

Bruttoproduksjon av elektrisk kraft refererer seg til den produksjonen som vert målt på generatorklemmene.

Eige forbruk i kraftstasjonane omfattar det ordinære forbruket i stasjonane (t.d. skinnetap, lys mv.) og tap ved opptransformering i kraftstasjonstransformatorane.

Pumpekraftforbruk er forbruk av elektrisk kraft i pumpekraftstasjonar til pumping av driftsvatn opp til eit høgare nivå.

Tap blir for det enkelte e-verk differansen mellom tilgang av kraft (nettoproduksjon/kjøp) og leveranse.

Eksport og import. All elektrisk kraft som passerer den norske riksgrensa, vert rekna som eksport eller import.

Statistiske omgrep

Prosentiler rangerer kraftprisane for mengder av kraft levert til hushald (tabell 22). Til dømes viser 25 prosentilen den kraftprisen som er slik at 25 prosent av kraftmengda er levert til lågare pris og 75 prosent til høgare. 50 prosentilen viser ein pris midt i volumet og 100 prosent viser maksimumsprisen som er innrapportert. Desse prisane er ikkje det aritmetiske gjennomsnittet av heile utvalet eller delar av det, men ein punktpris ved ein prosentdel av det rangerte volumet.

Økonomiske hovudtal

Bruttoproduksjonsverdi. Definisjonen er endra frå og med 1994.

Bruttoproduksjonsverdi etter **gamal definisjon** er lik summen av: (1) Sal av elektrisk kraft til sluttbrukarar medrekna leveransar til bedrifter i eige føretak. Tala er medrekna elektrisitetsavgift. (2) Engrossal av elektrisk kraft (til andre e-verk og eksport). Leveransar frå sameigde verk til eigarverka er tekne med til avrekna sjølvkostverdi. (3) Sal av overføringstenester og andre leigeinntekter. (4) Sal av fjernvarme. (5) Verdi av eige investeringsarbeid, utført av dei tilsette i e-verket. (6) Andre driftsinntekter.

I bruttoproduksjonsverdi etter **ny definisjon** er sal av elektrisk kraft og overføringstenester til andre e-verk trekte ut og omfattar: (1) Sal av elektrisk kraft til sluttbrukarar medrekna leveransar til bedrifter i eige føretak. Tala er medrekna elektrisitetsavgift. (3) Sal av overføringstenester og andre leigeinntekter. (4) Sal av fjernvarme. (5) Verdi av eige investeringsarbeid, utført av dei tilsette i e-verket. (6) Andre driftsinntekter.

Vareinnsats. Definisjonen er endra frå og med 1994.

Vareinnsats etter **gamal definisjon** omfattar: (1) Kjøp av elektrisk kraft frå andre verk. (2) Import av elektrisk kraft. (3) Kjøp av overføringstenester. (4) Anna varekjøp. (5) Andre driftskostnader som leigekostnader, reparasjonar utførte av andre, driftsmateriell, porto, telefon mv. Avskrivningar, forsikringspremiar på varige driftsmiddel, finansielle kostnader, skattar o.l. er ikkje tekne med.

I vareinnsats etter **ny definisjon** er kjøp av elektrisk kraft og overføringstenester frå andre e-verk trekte ut og omfattar: (4) Anna varekjøp. (5) Andre driftskostnader som leigekostnader, reparasjonar utførte av andre, driftsmateriell, porto, telefon mv. Avskrivningar, forsikringspremiar på varige driftsmiddel, finansielle kostnader, skattar o.l. er ikkje tekne med.

Tilvergingsverdi til marknadspris er lik bruttoproduksjonsverdi med frådrag for vareinnsats. Tilvergingsverdi til faktorpris er etter frådrag av avgifter, men tillagt tilskot. Tilvergingsverdien er gitt utan meirverdiavgift.

Tilvergingsverdien er ikkje påverka av endring i definisjon av bruttoproduksjonsverdi og vareinnsats.

Bruttoinvestering er rekna som (1) innkjøp av varige driftsmiddel, nye eller brukte, som har ei brukstid på eitt år eller meir, minus (2) sal av varige driftsmiddel. Investeringsarbeid som vert utført av dei tilsette i bedrifta, er medrekna i (1).

- Maskinar, transportmiddel o.l. vert rekna som innkjøpte i det året utstyret er motteke, utan omsyn til om det har vore i bruk eller ikkje i året. Som nyskaffing av bygningar, anlegg, tomter o.l. er oppgitt bygningar mv. innkjøpte i året og bygge- og anleggsarbeid utført i året for bedrifta si rekning utan omsyn til når betalinga skjer.
- Verdien av nyskaffingane gjeld dei faktiske utgiftene, medrekna investeringsavgift, som er påløpt i året utan omsyn til når betalinga skjer. Byggjelånsrenter er ikkje medrekna frå og med 1983.
- Ved sal av driftsmiddel er oppgitt salsverdien av driftsmiddel selde i året.
- Fallrettar omfattar berre kjøp, ikkje leige av fallrettar. Del av driftsutgifter i fellesreguleringar og årlege vederlag er heller ikkje tekne med.

Lønskostnader omfattar kontraktsmessig løn, andre ytingar til beste for lønstakarane og arbeidsgivaravgift mv.

- Kontraktsmessig løn omfattar løn til alle tilsette før frådrag av skattar, trygdepremiar, pensjonspremiar o.l., som dei tilsette skal betale. I tillegg til kontantløn for normal arbeidstid er det teke med godtgjersle for overtid, provisjon til tilsette seljarar og reisande, tantieme, gratiale, feriegodtgjersle,

verdi av avtalte naturalytingar og fri trygdekasse, løn under militærtjeneste, sjukdom og anna fråvere.

- Andre ytingar omfattar m.a. løpande pensjons-utbetalingar til tidlegare tilsette, innbetalingar til premiefond og pensjonsreguleringsfond, tilskot til pensjonsfond, arbeidsgivars del av premiar til sjuke- og ulykkesforsikring etablert ved tariff eller arbeidsavtale, stønad ved bedriftsulykker og utgifter til fritidsverksemd for dei tilsette.

Avgifter omfattar:

Avgift på elektrisk kraft: Hovudregelen er at det skal betalast ei avgift på elektrisk kraft som vert levert eller innført til bruk her i landet. Avgift skal òg krevjast inn ved uttak av elektrisk kraft til eige bruk. I 1997 var avgifta 5,62 øre/kWh. Avgift krevst ikkje inn for industri, bergverk og veksthus. Avgift krevst heller ikkje inn for Finnmark og nokre kommunar i Nord-Troms (Karlsøy, Kvænangen, Kåfjord, Lyngen, Nordreisa, Skjervøy og Storfjord).

Elektrisitetsavgifta har endra seg slik sidan 1974:

	Øre/ kWh		Øre/ kWh		
Før	01.05.1974	0,4	Frå	01.01.1990	3,85 ²
Frå	01.05.1976	1,0	"	01.01.1991	4,0 ¹
"	01.07.1978	2,0	"	01.01.1992	4,15 ¹
"	01.01.1981	2,2	"	01.01.1993	4,6 ¹
"	01.01.1983	2,5 ¹	"	01.01.1994	5,1 ³
"	01.01.1984	2,7	"	01.01.1995	5,2 ³
"	01.01.1985	2,9	"	01.01.1996	5,3
"	01.01.1986	3,1	"	01.01.1997	5,62 ³
"	01.01.1987	3,4 ¹	"	01.01.1998	5,75 ³
"	01.01.1988	3,6 ¹	"	01.01.1999	5,94 ³
"	01.01.1989	3,7 ²	"	01.01.2000	8,56 ³

¹ Nokre industrigrupper hadde nedsett avgift.

² Finnmark og nokre kommunar i Nord-Troms hadde nedsett avgift i 1989 og 1990 og var fritakne for avgift frå og med 1991.

³ Avgiftsfritak for industri, bergverk og veksthus.

Produksjonsavgift: Frå 1. januar 1993 skal det krevjast inn produksjonsavgift av elektrisk kraft produsert i vasskraftverk. Avgiftsgrunnlaget er 1/15 del av samla produksjonen i det ein skilde kraftverket i 15 år. I 1997 er det innført eit nytt skatteregime i tillegg til produksjonsavgifta. Frå og med 1998 er produksjonsavgifta fjerna.

Produksjonsavgifta har endra seg slik sidan 1993:

Dato	Avgiftssats øre/kWh	Avgiftsgrunnlag 1/15 av prod. for åra
Frå	01.01.1993	1976 til 1990
"	01.01.1994-30.06.1994	1977 til 1991
"	01.07.1994-31.12.1994	1977 til 1991
"	01.01.1995	1978 til 1992
"	01.01.1996	1979 til 1993
"	01.01.1997	1980 til 1994

Årlege konsesjonsavgifter: Konsesjonsavgift er ein lov-bestemt rett for å sikre utbyggingskommunane kompensasjon for skader og ulemper ved kraftutbygging, samtidig som den sikrar at ein del av grunnrenta frå kraftutbygginga kjem kraftkommunane til gode. Det er likevel ikkje fastlagde føresegn for avgiftsfordelingane. Avgiftene er rekna ut for det enkelte kraftverk og er i stor utstrekning gjort etter skjønn.

Andre offentlege avgifter: Andre offentlege avgifter så som kommunalbankavgift og avgift til Elektrisitetstilsynet. Meirverdiavgift og investeringsavgift skal ikkje vere med.

Nokre hovudresultat

1997 vart eit mildare år enn normalt i det meste av landet. Likevel steig forbruket av elektrisk kraft 0,7 prosent frå året før som var eit uvanleg kaldt år. Dette må ein sjå i samanheng med statistikken for petroleumsprodukter som viser ein nedgang i sal av lette fyringsoljer og fyringsparafin i 1997. Auka økonomisk aktivitet er også med på å forklare auken i elforbruket.

Hushald, som stod for 31,6 prosent av det totale netto elforbruket i 1997, reduserte elforbruket med 4,2 prosent i høve til året før. Treforedling og kraftintensiv industri, som stod for 34,8 prosent av elforbruket, auka elforbruket. Bergverk og annan industri reduserte elforbruket i 1997. Industrien stod for i alt 43,7 prosent av det totale elforbruket, mens anna næringsverksemd stod for 24,7 prosent.

Høgare fyllingsgrad og elproduksjon

99,6 prosent av elproduksjonen kjem frå vasskraft. Dermed vert fyllingsgraden og tilsiget til vassmagasina viktig for kor mykje elektrisitet ein kan produsere. Ved inngangen til 1997 var fyllingsgraden om lag 23 prosentpoeng lågare enn normalt. Sjølv om situasjonen bedra seg utover året var gjennomsnittleg fyllingsgrad for året 7 prosentpoeng lågare enn medianen for åra 1982–1991. Medan fyllingsgraden ved inngangen til året var 53,5 prosent, auka han til 72,6 prosent ved utgangen av året.

Sjølv om det altså var ei stor oppfylling av vassmagasina igjennom året var produksjonen av elektrisk kraft forholdsvis høg, med i alt 111,4 terawatt-timar (TWh). Midlare årsproduksjon var for 1997 berekna til om lag 113 TWh. Det var høgare tilsig frå nedbør og snøsmelting enn normalt i 1997. Førebels tal for 1998 og 1999 viser at produksjonen steig til 117 TWh og 122,7 TWh for desse åra. Nedbøren var høgare enn det som vert sett på som normalt for desse åra. Fyllingsgraden i vassmagasina var ved utgangen av 1999 om lag 3 prosent høgare enn medianen for siste veka i året i perioden 1982-1991. Gjennomsnittleg årleg produksjon var på 1990-talet 116,1 TWh.

Det vart i 1997 netto importert 3 818 gigawatt-timar (GWh), eller 3,8 TWh. I gjennomsnitt var det på 1990-talet ein årleg nettoeksport av elektrisk kraft på 2 749 GWh. Mykje av dette kjem av høg eksport tidleg i tiåret.

Reduserte spotprisar på elektrisk kraft

Den rikelege tilgangen på vatn i magasina i 1997 i høve til året før, samt mildare vær som reduserte etterspurnaden etter kraft til oppvarming, var med på å presse prisane nedover. I 1997 var spotprisen på elektrisk kraft 14,3 øre/kWh. Det er merksamt lågare enn i 1996 da han var heile 25,4 øre/kWh. Tal frå Nord Pool ASA viser at spotprisane har gått ytterlegare noko ned i 1998 og 1999.

Den høge spotprisen i engrosmarknaden slo ikkje fullt ut i prisen sluttbrukarane betalte i 1996. I gjennomsnitt betalte alle forbrukargrupper, unntatt kraftintensiv industri og treforedling, 20,2 øre/kWh i 1997. Dette gjeld eksklusive forbruksavgift på elektrisk kraft og meirverdiavgift. Det er ein auke på 1,4 øre/kWh frå året før, sjølv om altså spotprisen gikk merksamt ned. Nettleiga auka marginalt for desse forbrukargruppene, frå 15,2 øre/kWh i 1996 til 15,5 øre/kWh i 1997, eksklusive meirverdiavgift. Hytter og fritidshus har desidert høgast nettleige. Her var auken frå 35,9 øre/kWh i 1996 til 38,3 øre/kWh i 1997. Høge fastledd og lågt forbruk medverkar til den høge gjennomsnittlege prisen pr. overført kilowatt-time (kWh).

Kraftprisen for hushald var 21,0 øre/kWh i 1997, eksklusive avgifter. Nettleiga var 18,1 øre/kWh. Frå 1993 til 1997 steig kraftprisane til hushald, eksklusive avgifter, årleg i gjennomsnitt 8,5 prosent. Nettleiga vart tilsvarande redusert i gjennomsnitt 1,7 prosent pr. år i denne perioden.

Korrigerer ein for inflasjonen, der konsumprisindeksen viste ein gjennomsnittleg årleg vekst på 1,9 prosent i denne perioden, var årleg gjennomsnittleg realprisvekst for krafta 6,6 prosent, medan nettleiga vart redusert 3,6 prosent årleg i denne perioden.

Ny kvartalsvis kraftprisstatistikk

Frå og med 1. kvartal 1998 starta SSB ein ny kvartalsvis kraftprisstatistikk basert på eit utval av e-verk. Både sluttbrukar- og engrosmarknaden er dekkja. Medan kraftprisen til hushald var 21,0 øre/kWh i 1997 var denne redusert til anslagsvis 16,2 øre/kWh i 1998 og 15,2 øre/kWh i 1999. Tala for 1998 og 1999 er jamvel litt uvisse ettersom ikkje alle e-verka er med i statistikken, og det er basert på ei måleveke pr. kvartal. I tillegg til å vise ein nedadgåande trend dei siste par åra er prisane til hushald også prega av store sesongmessige svingingar. Kraftprisen er merksamt høgare i vinterhalvåret enn i sommarhalvåret.

Kraftprisen til tenesteytande næringar og industri, unntatt kraftintensiv industri, vart også redusert i 1998 og 1999. For desse næringane er dei sesongmessige svingingane mindre enn for hushald ettersom det her er meir utbreidd med fastpriskontraktar enn tilfellet er for hushald.

Færre sysselsette

Som eit resultat av omstruktureringar i kraftbransjen har talet på e-verk auka frå 326 i 1996 til 342 i 1997. Talet på sysselsette er redusert frå 19 331 i 1996 til 18 394 i 1997. Nokre av desse er personar som kraftbransjen framleis nyttar seg av, men som er omgruppert til andre næringar.

Omsetninga gjekk ned frå 69 milliardar kroner i 1996 til 63,4 milliardar i 1997. Førebelse tal for 1998 viser at omsetninga vart redusert ytterlegare til 59,4 milliardar kroner det året. Driftsutgiftene vert på same tid såpass redusert at driftsresultatet har heldt seg veldig stabilt. Reduserte spotprisar er ei viktig forklaring på dei reduserte driftsinntektene og -utgiftene i 1997 og 1998. I 1997 var driftsresultatet 10,5 milliardar kroner. Førebelse tal viser at resultatet var 10,7 milliardar kroner i 1998. I både 1995 og 1996 var driftsresultatet 10,4 milliardar kroner. Korrigert for inflasjonen har driftsresultatet i perioden 1996 til 1998 krympa gjennomsnittleg 1 prosent årleg.

Meir informasjon

Spesialtabellar. Ytterlegare informasjon og framstilling frå primærdata kan, **mot betaling**, fås ved å kontakte gruppe for energistatistikk. Sjå vedlegg B for kva for data og detaljeringsgrad som kan gis. Tabellar kan leverast på papir eller elektronisk på e-post eller diskett.

Kontaktpersonar i Statistisk sentralbyrå. Der- som du ynskjer å bestille tabellar eller treng meir informasjon, ta kontakt med:

e-post: Pal.Marius.Bergh@ssb.no, tlf. 22 00 44 20, eller
Randi.Gjersvoll@ssb.no, tlf. 22 86 47 69.

Coverage

The Electricity Statistics comprise:

- All utilities and traders engaged in retail and wholesale of electricity
- Production plants having rated output of minimum 100 kW
- Production plants operated by other industrial concerns to supply own factories having rated output of minimum 500 kW
- Grid operators

Not included are power stations which although partly owned by Norwegian interests are located outside Norwegian territory. Electricity production on the Norwegian Continental Shelf is also excluded from the statistics.

The data are acquired under the Act of 16 June 1989 no. 54 relating to Official Statistics and Statistics Norway, Royal Decree of 16 June 1989, and regulations promulgated by the Ministry of Finance.

Further information and presentation of primary data are available by contacting Statistics Norway.

Brief history

Statistics Norway has since 1937 solicited annual returns from electrical utilities on installed capacities, production, electricity sales, employment, payroll costs and so forth, and since 1946 also on annual investments.

Since 1973 the figures have been augmented with these items: maximum station output, transmission and distribution grids by type and voltage, distribution transformers, pump power stations and a breakdown of thermal power stations by type. The consumption of electric power and level of investments have also been split by county.

From 1993 the statistics have been significantly remodeled. Complete accounting returns and extensive additional specifications are obtained from all electricity utilities jointly by Statistics Norway and the Norwegian Water Resource and Energy Administration (NVE).

Definitions and classification

The enterprise is the statistical unit. Prior to 1993 the establishment was the unit, defined as all energy activities located in one distribution area. This change concerns only utilities with activities in several distribution

areas and it only effects the total count of electricity utilities.

Types of utilities

All enterprises are split into several categories of utility according to sphere of operation:

Industrial generators: Power plants comprising part of an industrial concern. Generally they supply power to production factories within the concern. Industrial plants are not included in the published accounting figures (tables 33-38).

Production plants: Generation plants with own production which do not supply power directly to the consumer.

Wholesale utilities: Utilities that essentially purchase power for resale to other utilities. They may produce some power or supply some power to end users, but mainly in regional grids.

Retail utilities: Utilities who mainly purchase power from other utilities for delivery to end users along their own distribution grid.

Integrated utilities: Utilities that are vertically integrated, which means utilities that have own production and that supply power directly to the end user via their own distribution grid. Integrated utilities are further split into low-integrated and high-integrated subcategories. Low-integrated utilities have less than 20 per cent own production (of power sales to end user) whilst their high-integrated counterparts have more than 20 per cent.

Grid companies: Include utilities only engaged in grid services.

Other utilities: Include traders who buy and sell power without ownership in production capacity or grid systems.

There is also a two-way breakdown into utilities that produce and those that do not produce electric power.

Ownership group

Utilities are divided into different categories depending on who owns them: the state, municipal authorities, or private interests. The municipal utilities are subdivided in turn into county, inter-municipal and municipal works. In cases where several of the above categories of owner own a utility jointly, the so-called 50 per cent rule comes into play. Under this rule, data for a utility are assigned 100 per cent to just one of the categories.

State utilities: Apart from utilities whose sole owner is the state this category also includes all utilities where

the state or a state-owned company has invested minimum 50 per cent of the stock or partner capital.

County utilities: Electrical utilities where the county council owns at least 50 per cent.

Inter-municipal utilities: Owned by minimum two municipal authorities. The category also covers utilities that are jointly owned by the state, county, municipal, or private interests unless the state or the private interests own more than 50 per cent of the equity. In the first case the state is reckoned the owner, in the latter the utility is rated as private.

Municipal utilities: Apart from utilities solely owned by a municipality this category also covers utilities where one municipality owns minimum 50 per cent of the equity and the state or private interests hold the rest. If other municipalities own the rest then the classification is inter-municipal.

Private utilities: All power plants where private interests own more than 50 per cent of the capital are classified here. Here we also find power plants whose concession has been returned to the state but which are still run by a private company on hire terms.

Activity breakdown

